

## **OFFENTLEG ETTERSYN:**

Skatteliste, fritaksliste og sakkunnig takstnemnd sine rammer og retningslinjer ligg tilgjengeleg i perioden 1. mars til 22. mars på følgjande stader:

- Resepsjonen i kommunehuset, Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
- Kommunen si heimeside: [www.oystre-slidre.kommune.no](http://www.oystre-slidre.kommune.no)

## **Klage på eigedomsskattetaksten:**

Du kan velje å bruke klageskjema som du finn på kommunen si heimesider.

Ei eventuell klage på bli sendt skriftleg til kommunen innan **12. april**.

Søksmålsfristen er 6 månader frå 1. mars, jf. esktl. § 23.

## **Kontaktinformasjon:**

Ønsker du nærare opplysningar om korleis din eigedom er taksert eller har andre spørsmål om eigedomsskatevedtaket, kan du ta kontakt med eigedomsskattekontoret i kommunen. Du finn mykje informasjon på kommunen si heimeside.

Eigedomsskatt blir fakturert i fire like store terminar; ca. 10. februar, 10. mai, 10. august og 10. november. Betalingsfrist er 30 dagar frå fakturadato.

Eigedomsskattekontoret er normalt betjent måndag – fredag kl. 9 – 15.

Det er også mogleg å gjera avtale om andre tidspunkt.

Eigedomsskattekontoret si e-postadresse er: [eigedomsskatt@oystre-slidre.kommune.no](mailto:eigedomsskatt@oystre-slidre.kommune.no)

## **INFORMASJON OM EIGEDOMSSKATT OG TAKSERING I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE**

### **Taksering av eigedomane i Øystre Slidre kommune**

Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 3 og 4 innførte Øystre Slidre kommune eigedomsskatt i heile kommunen med verknad frå og med 2018. Det vart gjennomført befarings- og takseringsarbeid for alle eigedomar i Øystre Slidre kommune, i tråd med vedtektene Rammer og retningslinjer i kommunen.

Eigedomsskatten blir skriva ut i samsvar med esktl., og årleg vedtak i kommunestyret.

Kommunestyret har fastsett eigedomsskatten for 2024 til 4 promille for bustad- og fritidseigedomar, og 7 promille for øvrige eigedomar. Taksten på eigedommen er eit resultat av blant anna verdianalysar av området, faktaopplysningar om tomt og bygningar og skjønsmessig vurdering av kvar einskild eigedom. Takstane er vedtekne av ei politisk utnemnt nemnd, sakkunnig takstnemnd, som er ansvarleg for å finne tilnærma marknadsverdi for eigedomane, jf. esktl. § 8 A-2 Verdet:

«(1) Verdet av eigedommen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedommen etter si innretning, bruksegenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»

Alle eigedomar som er taksert er synfart og fotografert. Synfararane har kontrollert faktaopplysningar for alle bygningar som er taksert, blant anna bygningstypar og bruksareal fordelt

på etasjar, og gjort vurderingar om forhold på og rundt eigedomen som påverkar den einskilde eigedom sin verdi.

### **Utrekning av takst og skatt**

Sakkunnig takstnemnd har vedteke sjablongverdiar for bygningar og tomter. Sjablongverdiane blir multiplisert med avgiftsareal for bygningar (bruksareal multiplisert med etasjefaktorar) og med taksert tomteareal. Vidare er det multiplisert med dei skjønsmessige vurderingane av eigedomen.

(Avgiftsareal bygningar\*sjablong + taksert tomteareal\*sjablong) \* Vurderingsfaktor indre \* Vurderingsfaktor Ytre \* Sonefaktor)

Taksten dannar utskrivning av eigedomsskatten, og er i utgangspunktet gjeldande i 10 år. Skattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader vert sett til verdet multiplisert med 0,7, jf. esktl. § 8 A-2.

### **Fritak for eigedomsskatt**

Einskilde eigedomar skal ha heilt eller delvis fritak frå eigedomsskatt. Dette går fram av esktl. § 5. Kommunestyret i Øystre Slidre kommune har bestemt å fritta heil eller delvis «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna kommune, fylke eller staten», jf. til § 7 a i esktl., og «bygning som har historisk verdi» jf. § 7 b. Komplett liste over dei eigedomar og bygningar som er friteke er lagt ut til offentleg ettersyn. Eigar/festar som meiner dei skulle ha hatt fritak, men ikkje har fått det, kan søke om fritak.

### **Samanføring**

Dersom eigedom med fleire bruksnummer kan slåast saman, kan det for nokon eigedomar gje redusert tomtetakst.

### **BEGREP:**

Bruksareal (BRA): Grovt sett bygningsareal innanfor yttervegg i ein bygning. For etasjar med skrå himling er det spesielle målereglar (Norsk Standard-3940).

Areal bustad: Heile arealet på bustadhus, inkludert garasjar, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhuset (sjå også forklaring Areal alt.)

Areal anna: Heile arealet på fritidsbustader, næringsbygg, naust og frittstående garasjar og uthus.

Areal alt.: Garasjeareal, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhus eller fritidsbustader (Areal for korreksjon av sjablong)

Areal alt.2: Carportareal, anten frittstående eller bygd inntil andre bygningar.

Vurderingsfaktor Indre: Forhold på eigedomen som påverkar eigedomen sin verdi, slik som standard, kvalitet og funksjonalitet.

Vurderingsfaktor Ytre: Forhold rundt eigedomen som påverkar eigedomen sin verdi.